

Kommunedelplan for naturmangfold

2025-2037

Vedtatt av Vestnes kommunestyre i sak PS-3/26 | 29.01.2026



Innhald

1. Innleiing.....	2
2. Mål og rammer	3
3. Politiske føringar	6
4. Juridiske krav	11
5. Naturmangfaldet i Vestnes kommune	12
6. Påverknader og utfordringar for naturmangfaldet.....	24
7. Strategiske mål og handlingsplan.....	29

1. Innleiing


Naturmangfaldet er sjølve grunnlaget for menneskeleg eksistens. I tillegg til å ha ein eigenverdi, sikrar dette naturmangfaldet rundt oss ein rekkje økosystemtenester som t.d. mat, medisinar, reinsing av luft og vatn, karbonlagring, pollinering og rekreasjon. Naturen er i tillegg viktig i eit folkehelseperspektiv. Ved å oppretthalde eit rikt og variert artsmangfald, og fungerande økosystem får vi ein robust natur som sikrar oss desse livsviktige økosystemtenestene. Naturmangfaldet er vidare vesentleg for både begrense og handtere klimaendringar. For sjølv om arealendringar i dag er den klart viktigaste årsaka til tap av natur, er det klart at klimaendringar i aukande grad påverkar naturmangfaldet. vi må difor i mykje større grad enn tidlegare sjå natur- og klimautfordringane i samanheng.

Noreg har gjennom FNs konvensjon for biologisk mangfald forplikta seg til å stanse tapet av biologisk mangfald. Som ei oppfølging av biomangfaldkonvensjonen la regjeringa fram naturmangfaldmeldinga ([Natur for livet - norsk handlingsplan for naturmangfold, Meld.St.14 \(2015-2016\)](#)), kor det blir slått fast at *«Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen for truede og nær truede arter og naturtyper skal bedres»*. Tap av natur grunna menneskeleg aktivitet truar ikkje berre tapet av artar, men òg naturen sin evne til å levere dei livsviktige økosystemtenestene som vi alle er avhengige av. Å stanse tapet av naturmangfald er difor heilt essensielt.

Når vi omtalar naturmangfald i dette planarbeidet, meiner vi både biologisk mangfald (genetisk, arts- og naturtypemangfaldet), landskapsmessig mangfald og geologisk mangfald. Sjølv om omgrepet naturmangfald har ei brei tyding, vil kommunedelplanen ha sitt hovudfokus på biologisk mangfald. I mange høve, legg dei geologiske og landskapsmessige tilhøva grunnlaget for det biologiske mangfaldet, planen vil difor likevel omtale desse der ein finn det relevant. Det vil difor ikkje alltid vere eit klart skilje mellom dei tre definerte delane av naturmangfald i plandokumentet.

Arealendringar er den største negative faktoren for naturmangfaldet vårt. Og desse endringane skjer ofte gjennom avgjersler i kommunane si arealplanlegging. Kommunane har dermed eit særleg ansvar for å sikre berekraftig bruk og forvaltning av naturen, som er avgjerande for å stanse tapet av naturmangfaldet.

Miljødirektoratet ga Vestnes kommune eit tilskot på kr 150 000,- til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald. I tildelingsskrivet frå Miljødirektoratet skal tilskotet nyttast til *«å utarbeide en egen kommunedelplan/temaplan for naturmangfold som et virkemiddel for å sette naturmangfoldet på den lokalpolitiske dagsorden og etablere en lokal forankring og medverking i utveljinga av viktige naturområde i kommunen.*




2. Mål og rammer

2.1. Hovudmål

Hovudmålsettinga med planen er å auke natur- og artsmangfaldet og ta vare på naturen i Vestnes kommune gjennom berekraftig forvaltning og god arealforvaltning. Tapet av natur skal stansast.

Planen skal legge premissa for ein kunnskapsbasert forvaltning av naturmangfaldet som grunnlag i kommunen si verksemdsplanlegging. Planen skal bidra til framheve mål og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel, og gje viktige innspel og føringar til kommuneplanens arealdel.

Arbeidet med planen skal vere eit verkemiddel for å sette naturmangfaldet på den lokalpolitiske dagsorden, og etablere ein større grad av lokal forankring og medverknad i valet av viktige naturområde i kommunen. Vidare skal planen styrke kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative avgjerder i kommunen, skape ei føreseieleg forvaltning for m.a. grunneigarar og utbyggjarar og vere eit styrande reiskap for å synleggjere naturmangfaldet som ein ressurs for kommunen.



Figur 1: Hierarkisk framstilling av tiltak for unngå negativ påverknad på naturen. Størst gevinst får ein ved å unngå eller avgrense påverknaden, dernest følgjer tiltak for å avbøte eller kompensere for inngrepet. Kjelde: St. Meld. 14 (2015-2016)

Planen er ikkje juridisk bindande, men kan leggst til grunn for seinare bindande vedtak.

2.2. Planområde

Kommunedelplan for naturmangfald er meint å omfatte heile Vestnes kommune. Det er utarbeida ein juridisk bindande plan for sjøareala i kommunen, *Interkommunal plan for Romsdalsfjorden 2017-2024*. Denne planen skal rullerast i samarbeid med Rauma og Molde kommune. Kunnskapen om naturmangfaldet i sjø er mangelfullt og ei større kartlegging av sjøareala vil vere naudsynt ved rullering av sjøplanen. Miljødirektoratet har starta arbeidet med å legge om marin kartlegging fra DN-håndbok 19 til NiN. Innan 2026 publiserast kartleggingsinstruks etter NiN 3.0.

2.3. Oppbygging av planen

Planperioden er satt til 12 år, gjeldande frå det tidspunktet planen blir godkjent.

Planen bygger på kunnskapsgrunnlag utarbeida av Miljøfagleg utredning AS i rapporten «Innspel til Kommunedelplan for naturmangfald i Vestnes kommune 2025-2035».

Planen inneheld sju kapitla, der kapittel to til seks er kortfatta samandrag som beskriv føringar, lowerk, status og utfordringar for naturmangfaldet basert på rapporten frå Miljøfaglig utredning.

All tilgjengeleg og kartlagt kunnskap om naturmangfaldet i kommunen, inklusive ny kunnskap innhenta i samband med planprosessen, er systematisert og gjort tilgjengeleg i kunnskapsgrunnlaget til plandokumentet.

Kapittel sju er handlingsdelen som beskriver mål, delmål og tiltak for dei viktigaste satsingsområda og utfordringane for naturmangfaldet i kommunen. Mål, strategiar og tiltak er basert på innspel frå Miljøfaglig utredning, høyringsinnspel og medverknadsmøte.

Handlingsdelen bør rullerast kvart 4.år.

2.4. Organisering av planarbeidet, planprosess og medverknad

2.4.1. Organisering

Prosjektansvarleg – Kommunalsjef samfunn og samskaping

Vestnes kommune har utarbeidd kommunedelplan for naturmangfald i regi av Teknisk eining. Den interne prosjektgruppa har bestått av fagpersonar knytt til plan, miljø, forureining, landbruk og GIS.

Planen bygger på fagleg grunnlag utarbeidd av Miljøfaglig Utredning AS. Miljøfaglig Utredning AS har stått for gjennomføringa av oppdraget og levert rapporten som danner grunnlaget for planen (Miljøfaglig Utredning rapport 2025-1, 93 s. + vedlegg. ISBN 978-82-345-0692-5)

Prosjektansvarleg frå Miljøfaglig Utredning AS har vore Geir Gaarder. Sara Margrete Gilberg Nyjordet og Kamilla Svingen har delteke som prosjektmedarbeidarar i utarbeidinga av rapporten. Vidare har Halvard Straume frå Nordplan AS bidrege med viktige faglege innspel knytt til kommunale regelverk og forslag til nye retningslinjer.

Supplerande kartleggingar av naturmangfald under utarbeiding av planen blei gjennomført av Miljøfaglig Utredning i samarbeid med representant frå kommunen.

2.4.2. Planprosess

Planen er utarbeidd som ein kommunedelplan i tråd med prosessreglane i plan- og bygningslova.

Varsel om oppstart av arbeidet med kommunedelplan for miljø og naturmangfald blei sendt samtidig som planprogrammet blei lagt ut til høyring og offentleg ettersyn, i tråd med Plan- og bygningsloven § 4.

Planprogrammet utgjorde eit grunnlag for vedtak i Planutvalet og det vidare planarbeidet. Ved å sende planprogrammet på høyring og kunngjere planoppstart, blei moglegheita til å kome med innspel på kva planen burde innehalde samt korleis ein ønska å medverke til planen gjort tilgjengeleg. Planprogrammet blei vedtatt av planutvalet 18.januar 2023.

På bakgrunn av innkomne innspel og det vedtatte planprogrammet utarbeida Miljøfaglig utredning AS rapporten som dannar grunnlaget for denne planen. Rapporten blei behandla i planutvalet våren 2025 og sendt på høyring og offentleg ettersyn i perioden 10.april til 28.mai 2025.

Etter høyring av rapporten er det utarbeidd plandokument med utgangspunkt i rapporten frå Miljøfagleg utredning.

Organ	Dato	Sak	Merknad
Planutvalet	26.10.2022	PS-60/22	Oppstart – Høyring av planprogram
Planutvalet	18.01.2023	PS-2/23	Godkjenning av planprogram
Planutvalet	09.04.2025	PS-18/25	1.gangsbehandling - Høyring og offentlig ettersyn -
Planutvalet	05.11.2025	PS-67/25	2.gangsbehandling – 2.gongs høyring og offentlig ettersyn
Planutvalet	xx.01.2026	xx-xx/xx	Endeleg vedtak
Kommunestyret	xx.02.2026	xx-xx/xx	Endeleg vedtak

2.4.3. Medverknad



Figur 2 Geir Gaarder fra Miljøfaglig utredning presenterar hovedpunkt frå kommunedelplan for naturmangfald.

Oppstart av planarbeidet og høyring av planprogram blei varsla i avis og på kommunen sine nettsider. Innbyggjarar, lag, organisasjonar og berørte mynde fekk kome med innspel til planarbeidet.

Frå planprogrammet blei vedtatt til rapporten frå Miljøfagleg utredning låg føre, blei det gjennomført ein rekke møte mellom kommunens miljø- og landbruksrådgjevar og prosjektgruppa frå Miljøfagleg utredning,

Medan planen var på høyring, blei det gjennomført eit opent medverknadsmøte på Vestnes bibliotek, der alle innbyggjarar og ulike interesseorganisasjonar blei invitert.

Geir Gaarder fra Miljøfaglig utredning AS presenterte hovedpunkt frå kunnskapsdelen etterfulgt av diskusjon i mindre grupper. Tema for diskusjon var innspel til tiltaksdelen og til det vidare arbeidet med å innlemme omsynet til naturmangfald i kommuneplanens arealdel.

I høyringsperioden blei informasjon om planarbeidet delt på kommunen sine nettsider og gjennom sosiale media. Ei digital innspelsløyising gjorde det mogleg for publikum å aktivt medverke ved å sende inn kart, bilete og skriftlege innspel til planarbeidet.

3. Politiske føringar

3.1. Internasjonale rammer

3.1.1. Biomangfaldkonvensjonen

Å stanse tap av biologisk mangfald innan 2020 var eit felles, internasjonalt mål som Noreg forplikta seg til gjennom konvensjonen om biologisk mangfald (1992). Desse internasjonale måla, dei såkalla Aichi-måla, er implementert i Noregs nasjonale mål.

Konvensjonen pålegg alle medlemmane i FN å jobbe saman for å sikre naturmangfaldet på kloden vår. Konvensjonen har tre hovudmål:

1. å bevare klodens biologiske mangfald
2. fremje berekraftig bruk av ressursane
3. å dele godane av genetiske ressursar rettferdig

Forpliktelsene etter konvensjonen om biologisk mangfald er gjennomført i norsk rett i første rekke gjennom Grunnlova § 112 og naturmangfaldslova. Aichi-måla under biomangfaldskonvensjonen kjem til uttrykk i dei tre nasjonale måla for naturmangfald, jf. Kap. 3.2.

3.1.2. FNs naturpanel

FNs naturpanel (IPES) er eit globalt vitenskapspanel. I sin hovudrapport frå 2019 konkluderte dei at det ikkje var mogleg å nå dei internasjonale Aichi-måla innan 2020. Éin million av anslagsvis åtte millionar dyre- og planteartar i verda er trua av utrydding. Ei utrydding som no skjer i eit mykje raskare tempo enn før (truleg mellom ti og hundre tusen gongar raskare enn kva som er naturleg) og grunnane er hovudsakleg menneskapte. I følge Naturpanelet utgjer endra arealbruk, t.d. i form av nedbygging, oppdyrking, eller meir intensive utnytting av område, ein større trussel mot verdas naturmangfald enn både overutnytting, klimaendringar, forureining og spreining av framande artar.

3.1.3. FNs berekraftsmål

Vestnes kommune skal legge FNs berekraftsmål til grunn i all samfunns- og arealplanlegging. FNs berekraftsmål består av 17 mål og 169 delmål. Måla utgjer ein global arbeidsplan som skal vise vegen mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt.

FNs berekraftsmål utgjer ei felles planleggingsplattform der dei 17 overordna måla er tett samanvevde. Robuste økosystem og varetaking av biomangfald er ein føresetnad for at naturtypar og artar skal kunna tilpassa seg klimaendringane. Naturmangfald og klimaendringar har òg samverkande effektar. Økosystem kan binde og lagre karbon, og system som myr, skog eller kystøkosystem er spesielt karbonrike.



Figur 3. Skjematisk framstilling av korleis ein kan forstå berekraftsomgrepet på. Figuren viser tre dimensjonar; miljø, sosiale og økonomiske forhold. Illustrasjon frå FN-sambandet.

Å ta vare på naturen på land (mål 15 *livet på land*) og i vatn (mål 14 *livet i havet*) og motvirke klimaendringar (mål 13 *stoppe klimaendringane*) gjennom berekraftig samfunns- og arealplanlegging, er sentrale oppgåver for kommunen. I samband med kommunedelplan for naturmangfald, finn kommunedirektøren at følgjande delmål under mål 14 *livet i havet* gjer seg gjeldande:



Delmål 14.1: Innen 2025 forhindre og i betydelig grad redusere alle former for havforurensning, særlig fra landbasert virksomhet, inkludert marin forsøpling og utslipp av næringssalter.



Delmål 14.2: Innen 2020 forvalte og beskytte økosystemene i havet og langs kysten på en bærekraftig måte for å unngå betydelig skadevirkninger, blant annet ved å styrke økosystemenes motstandsevne og ved å iverksette tiltak for å gjenoppbygge dem, slik at havene kan bli sunne og produktive.

I høve til delmåla under mål 15 *livet på land* finn ein at følgjande mål gjer seg mest gjeldande:



Delmål 15.1: Innen 2020 bevare og gjenopprette bærekraftig bruk av ferskvannsbaserte økosystemer og tjenester som benytter seg av disse økosystemene, på land og i innlandsområder, særlig skoger, våtmarker, fjell og tørre områder, i samsvar med forpliktelser i internasjonale avtaler.



Delmål 15.2: Innen 2020 fremme innføringen av en bærekraftig forvaltning av all slags skog, stanse avskoging, gjenopprette forringede skoger, og i betydelig grad øke gjenreising og nyplanting av skog på globalt nivå.



Delmål 15.5: Iverksette umiddelbare og omfattende tiltak for å redusere ødeleggelsen av habitater, stanse tap av biologisk mangfold og innen 2020 verne truede arter og forhindre at de dør ut.



Delmål 15.8: Innen 2020 innføre tiltak for å unngå innføring og spredning av fremmede arter for å redusere fremmede arters påvirkning på land- og vannbaserte økosystemer i betydelig grad, og dessuten kontrollere eller utrydde prioriterte fremmede arter.



Delmål 15.9: Innen 2020 integrere verdien av økosystemer og biologisk mangfold i nasjonale og lokale planleggingsprosesser.

3.2. Nasjonale føringar

Stortingsmelding 14 – Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (2015-2016) trekkjer fram betydninga av bruken av arealressursar som ein faktor for nedbygging og tap av norsk natur. Arealbruk og omdisponering av areal til t.d. veg- og bustadbygging, industri og næringsføremål er viktige for samfunnet, men er samstundes den faktoren som har størst innverknad på naturmangfaldet på land. Meld.St.14 beskriver korleis regjeringas politikk skal bidra til å ta vare på naturmangfaldet. Politikken vil bidra til nå nasjonale og internasjonale mål på området.

I forvaltninga av naturmangfald i Noreg legg regjeringa mellom anna til grunn kommunanes kompetanse om naturmangfald skal styrkast og at forvaltninga skal vere kunnskapsbasert og

treffsikker. Det trekkast fram som avgjerande at kommunane utøver sin rolle som arealforvaltar på ein god måte.

Noreg har 24 mål for miljø fordelt på områda naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, forureining, klima og polarområda. Utviklinga målast ved hjelp av 82 miljøindikatorar. For naturmangfaldet er det satt følgjande nasjonale mål:

1. Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester
2. Ingen artar eller naturtypar skal utryddast, og utviklinga for trua og nær trua artar og naturtypar skal betrast.
3. Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar.

3.2.1. Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 skal ligge til grunn for kommunens samfunns- og arealplanlegging (Kommunal- og distriktsdepartementet 2023). Alt i forordet har Regjeringa framheva at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, er sentrale og dette blir følgt opp gjennom heile dokumentet. Det er difor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Inkludert i dette ligg dei nasjonale miljømåla. Det globale rammeverket for naturmangfaldet forpliktar samtidig til innsats i kommunane.

Omsynet til naturmiljøet kjem att fleire stader ut over i dokumentet, og eit eige kapittel tek opp klima- og naturmåla. Der vert m.a. heilskapleg planlegging framheva. I tillegg at forvaltninga skal vere kunnskapsbasert og langsiktig, der ein kommunedelplan for naturmangfald kan vere eit verktøy.

3.2.2. Retningslinjer for motsegn

Klima- og miljødepartementet (2021) sine retningslinjer for å gje motsegn til planar er svært konkrete. Retningslinjene gir klare føringar som sikrar ei effektiv og smidig saksbehandling, samtidig som dei er med på å bevare naturmangfaldet. Motsegn inneber både konflikhtar, forseinkingar og fordyrande prosessar. For å sleppe og få motsegn bør kommunen passe på at ny arealbruk mellom anna ikkje påverkar:

1. Verneområde og føreslegne verneområde
2. Naturtypar
 - Utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova § 52 (som slåttemark).
 - Trua naturtypar (CR-Kritisk truga, EN-Sterkt trua og VU-Sårbar).
 - Nær trua naturtypar (NT) med minst høg lokalitetskvalitet.
 - A-lokalitetar av naturtypar kartlagt etter DN-handbok 13, og A- og B-lokalitetar kartlagt etter DN-handbok 19 som ikkje vert fanga opp av punkta over.
 - Spesielt dårleg kartlagte naturtypar med minst høg lokalitetsverdi.
3. Artar
 - Trua artar (CR-Kritisk trua, EN-Sterkt trua og VU-Sårbar) og deira leveområde.
 - Artar som er særskilt freda etter forskrift.
 - Spesielle økologiske former og artar som er spesielt omsynskrevjande, jf. artar med nasjonal forvaltningsinteresse i naturbase.
 - Viktige økologiske funksjonsområder for fisk og andre ferskvassorganismar.

- Nasjonale laksevassdrag og laksefjorðar.

3.3. Regionale føringar

Regional planstrategi (RPS) er fylkeskommunen sitt overordna plandokument. Den regionale planstrategien (2025-2025) er bygd opp rundt FN sine 17 globale berekraftsmål og dei tre berekraftsdimensjonane. I planstrategien finn ein mellom anna følgjande planer som er relevante i arbeidet med, og i oppfølginga av kommunedelplan naturmangfald:

- Fylkesplan for for Møre og Romsdal 2025-2028
 - Langsiktige utviklingsmål der Møre og Romsdal skal vere pådrivar for å løyse klima- og miljøutfordringane
- Fylkesstrategi for miljø, klima og energi 2023-2026 vidareførast
 - Skal bidra til å gi retning for samfunnet Møre og Romsdal og følge opp globale, nasjonale og regionale mål for klimagassutslepp og klimatilpassing, bevaring av naturmangfald og grøn omstilling.
- Regional plan for vassregion Møre og Romsdal 2022-2027 (Skal reviderast)
 - Oversikt over, og forvaltning av vassressursar i eit langsiktig perspektiv
- Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023-2026
 - Det overordna målet er «Eit verdiskapande og mangfaldig landbruk i heile Møre og Romsdal, basert på berekraftig bruk av lokale ressursar».

3.4. Lokale føringar

3.4.1. Kommuneplanens samfunnsdel

[Kommuneplanens samfunnsdel \(vestnes.kommune.no\)](https://vestnes.kommune.no), vedtatt 6.mars 2025, slår fast ei rekke strategiar som skal bidra til å nå samfunnsmåla. Nokre av desse er spesielt retta mot bevaring av naturmangfaldet:

Klima, miljø og beredskap

Hovudmål 3: Vi sikrar trygge lokalsamfunn og eit robust livsgrunnlag ved å ta vare på naturen og dei ressursane og tenestene den gir oss.

- 3.1.c) Vi skal auke bevisstheita blant innbyggjarane om konsekvensane av klimaendringar og naturtap, og vi motiverer til samarbeid om gode val.
- 3.2.a) Vi vernar om viktige naturtypar og stansar tap av biologisk mangfald.
- 3.2.b) Vi planlegg for kompakt arealbruk og vernar samanhengande naturområde.
- 3.2.c) Vi stimulerer til opprydding på land og i vatn og gjer tiltak for å hindre forureining og forsopling.

Det er også vedtatt [ein langsiktig arealstrategi](#) som tek utgangspunkt i mål og strategiar frå kommuneplanens samfunnsdel, denne slår fast dei overordna prinsippa for framtidig arealutvikling og er styrande for arbeidet med kommuneplanens arealdel. For temaet naturmangfald kan ein trekke fram følgjande prinsipp for arealbruk:

1. Revurdere utbyggingsreserve avsett i gjeldande kommuneplan og eldre reguleringsplanar som ikkje lenger er i tråd med nasjonal arealpolitikk, regionale føringar eller ønska utvikling av areal og samfunn.
4. Sikre alle bustadområde tilgang til natur- og friluftsområde og arbeide for å binde saman eit nett av turveggar i kommunen.
14. Verne om areal som er viktige for friluftsliv og naturmangfald, samt karbonrike areal, slik at kvalitet og evne til karbonlagring, klimatilpassing og andre økosystemtenester oppretthaldast.
15. Sikre at spreidd busetnad ikkje punkterer samanhengande grøntområde, landbruksområde eller blågrøne korridorar.

3.4.2. Interkommunal plan for Romsdalsfjorden

Sjøområda er underlagt [Interkommunal plan for ROMSDALSFJORDEN 2017 – 2024](#). Formålet med den interkommunale planen og tilhøyrande føresegner er å gi ein heilskapleg forvaltning av sjøområda i regionen, sikre berekraftige areal for havbruksnæringa, og legge til rette for god sameksistens mellom havbruk, fiskeri og villfisk samt med miljø- og friluftsinteresser. Planen skal vidare vareta naturverdiar og sikre nødvendige areal for allmenn ferdsel. Planområdet omfattar sjøarealet i Romsdalsfjorden inkludert mindre øyer, holmar og skjær.

Planområdet er generelt dårleg kartlagt, men naturmangfaldet i planområdet skal forvaltast etter prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning.

4. Juridiske krav

4.1. Naturmangfaldlova

Hovudføremålet med [naturmangfaldlova \(lovdata.no\)](#) er å bevare naturmangfaldet. Offentlege avgjerder skal ikkje setje bevaringsmåla for artar og naturtypar i fare. Mangfaldet av naturtypar, økosystem og artar skal takast vare på der dei er naturleg utbreidd. §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig styresmakt.

4.2. Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova er i prinsippet underordna naturmangfaldlova sine mål om å bevare naturmangfaldet, men ho skal sikre ei samordning og avveging mellom ulike sektorinteresser i norsk arealforvaltning. Det er med andre ord den som i praksis i stor grad styrer arealbruken. Dermed vil lova vera heilt sentral i det praktiske kommunale arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet.

Plan- og bygningslova blir følgt opp gjennom kommuneplanens samfunnsdel og arealdel, samt kommunens reguleringsplanar.

4.3. Andre lover og forskrifter

- [Skogbrukslova](#) er retta mot ei berekraftig forvaltning som mellom anna skal sikra det biologiske mangfaldet. Skogeigar skal ha oversikt over miljøverdiar i eigen skog og ta omsyn til desse ved gjennomføring av alle tiltak i skogen.
- [Jordlova](#) seier at forvaltninga skal vera miljøforsvarleg og ta vare på dyr og plantar.
- [Forskrift om nydyrking](#) blir det m.a. stilt krav om minst 6 meter kantsonebreidde mot vassdrag med års-sikker vassføring, og dessutan at nydyrking av myr ikkje er tillate.
- [Forskrift om utvalde naturtypar](#) har som formål å vareta mangfaldet av naturtypar innanfor deira naturlege utbreiingsområde, med tilhøyrande artsmangfald og økologiske prosessar.
- [Vassressurslova](#) skal sikra forsvarleg bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvatn. § 11 har mellom anna eigne føresegner med krav om naturleg vegetasjonsbelte langs vassdrag. Kantsonene skal fungere mellom anna som erosjonsvern, bidreg til å fange opp avrenning og auka det biologiske mangfaldet gjennom leveområde, korridor, skjul og skugge for å nemne nokre funksjoner.
- [Vassforskrifta](#) fastset miljømål for vassførekomstar.
- [Lakse- og innlandsfisklova](#) skal sikra naturlege bestandar av m.a. innlandsfisk, ferskvassorganismar og deira leveområde.
- [Viltlova](#) har føringar knytt til vilt og deira leveområde.
- [Hjorteviltforskrifta](#) med tilhøyrande rettleiing koplar forvaltninga av hjorteviltet til naturmangfaldlova.
- [Miljøinformasjonslova](#) stiller m.a. krav til at kommunar skal ha tilstrekkeleg miljøinformasjon til å utføra oppgåvene sine, og at denne informasjonen er offentlig tilgjengeleg. Eit viktig formål er å sikra den allmenne moglegheita til å delta når miljørelaterte avgjerder skal takast.
- [Forureiningslova](#) gjev kommunane ei rekkje ansvar og verktøy for mellom anna å unngå forureining og skade på miljøet. Lova er sektorovergripande med eit prinsipp om at forureinar betalar.

5. Naturmangfaldet i Vestnes kommune

5.1. Kva er naturmangfald?

Naturmangfald er definert etter naturmangfaldslova: «biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning». Loven beskriv vidare biologisk mangfold som «mangfoldet av økosystemer, arter og genetiske variasjoner innenfor artene, og de økologiske sammenhengene mellom disse komponentene». I lova har omgrepet naturtypar ein sentral plass, og det blir definert som «ensartet type natur som omfatter alle levende organismer og de miljøfaktorene som virker der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster».

I praktisk forvaltning er det særleg artar og naturtypar ein tek omsyn til som konkrete, fysiske einingar, medan dei økologiske samanhengane blir trekt inn på et meir teoretisk og overordna nivå.

5.2. Kjeldegrunnlaget


Kommunedelplanen for naturmangfald i Vestnes kommune baserer seg på eksisterande naturfagleg kunnskap. Dette er i hovudsak henta frå ulike nettsider, intern kunnskap og eksisterande rapportar. Berre dei viktigaste blir her nemnde:

- Naturbase med følgjande kartlag:
 - [Naturtypar etter Miljødirektoratets instruks](#)
 - [Naturtypar etter DN-handbok 13](#)
 - [Naturtypar i ferskvatn etter DN-handbok 15](#)
 - [Naturtypar i marine miljø etter DN-handbok 19](#)
 - [Verneområde](#)
- Kilden:
 - [MiS-undersøkingar i skog](#)
- Artskart:
 - [Alle artar i kommunen](#)
 - [Raudlisteartar i kommunen](#) (DD, NT, VU, EN, CR)
 - [Framande artar i kommunen](#) (i dei høgaste kategoriane PH, HI og SE)
- Eit utval tidlegare arts- og naturkartleggingar.
- Utarbeidde skjøtselsplanar for kulturlandskap, konsekvensutgreiingar mv. i rapportform spesielt desse rapportane:
 - [Jordal \(2003\): Den fyrste naturtypekartlegginga i Vestnes kommune. \(Statsforvalteren.no\)](#)
 - [Holtan \(2010a\): Supplerande naturtypekartlegging i Vestnes kommune. \(statsforvalteren.no\)](#)
 - Holtan (2010b): Viltkartlegging i Vestnes kommune.

5.3. Generelle trekk i mangfaldet

Vestnes kommune ligg på grensa mellom Romsdal og Sunnmøre, og høyrer tradisjonelt til Romsdal. Naturfagleg sett er dette ei typisk fjordkommune, som ikkje når heilt ut til kysten,

samtidig som den heller ikkje er prega av innlandsklima.



Figur 4 Vestnes kommune ligg i Romsdal i Møre og Romsdal fylke, og grensar i aust mot Rauma, i sør mot Fjord og i sør og vest mot Ålesund kommunar. På motsett side av fjorden (i nord) ligg Molde.


Totalt er Vestnes på vel 400 km², utanom sjøareala. Av dette er nesten halvparten dekt med skog. Vidare er det vel 20 km² med dyrka mark, knapt 20 km² med myr og 6,35 km² med ferskvatn. I statistikken står det at det er nesten 140 km² med ope fastmark og knapt 20 km² med bart fjell mv. I praksis er nok nesten alt dette snaufjell. Det er også eit par hundre dekar med snøfonner i kommunen, men ingen brear.

Klimatisk spanner Vestnes frå sørboreal vegetasjonssone rundt fjorden og opp mot mellomalpin sone rundt Lauparen i sør. Det ser ikkje ut til å vere boreonemoral vegetasjon i kommunen. Dette inneber at det finst nok varmekjær natur her, men mindre enn i fleire andre kommunar i fylket. Sidan kommunen kjem opp mot mellomalpin sone kan det her derimot potensielt leve nokre av dei mest hardføre fjellplantane vi har.

Vidare ligg kommunen dels i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon og dels i klart oseanisk seksjon. Dette inneber at kommunen har ganske utprega kystbundne artar og naturtypar. Døme på dette er førekomsten av regnskogsmiljø ute på Furneset, samt oseaniske planteartar som kystmaigull. Derimot fører det til at det er dårleg med innlandstilknytta, austleg utbreidde artar i kommunen.

Berggrunnen i kommunen er stort sett ganske hard og sur, og gneis-bergartar dominerer stort. Dette har sjølvstekt konsekvensar for vegetasjonen og artsmangfaldet, og det vert forsterka av eit ganske nedbørrikt klima (med over 2000 millimeter i året i fjellområda i vest og sør). Generelt er det lite kalkkrevjande vegetasjon, sjølv om det finst interessante unntak, t.d. førekomst av ekstremrikmyr-arten brunskjene på Ørskogfjellet. Lokalt og det også litt betre bergartar, t.d. glimmerskifer ved Lauparen, men desse fjellmiljøa er dårleg undersøkt.


Sjølv om landskapet i Vestnes kan vise til stor spennvidde, frå fjord til høg fjell og frå slake jord- og myrlandskap i låglandet til skarpe fjelltindar, så ser det ikkje ut til at dette speglar seg godt ut i naturmangfaldet. Vestnes har eit variert mangfald, men er ikkje spesielt rik regionalt sett.



Figur 5. Prosentvis fordeling av arealbruk og arealressursar i Vestnes kommune. Henta frå Statistisk sentralbyrå (<https://www.ssb.no/kommunefakta/vestnes>).

5.4. Verneområde

Vestnes har hittil fått verna sju område, som dekker under 2% av arealet i kommunen. I tillegg ligg tre varig verna vassdrag delvis innafor kommunen sine grenser, og indre delar av Romsdalsfjorden har status som nasjonal laksefjord. Det er registrert 43 raudlisteartar innanfor verneområda. Ser vi bort frå fugl, fisk, krepsdyr og pattedyr står vi att med 10 artar (innan karplantar, mosar, sopp og lav). Dette indikerer at under 25 % av dei raudlista artane i kommunen (totalt rundt 130) er funne innanfor verna areal per 19.04.2024. Verneområda Vågstranda, Tresfjorden, Nysætervatnet og Måslia har blitt heildekkjande kartlagt (basiskartlagt) å oppdrag for Miljødirektoratet i perioden 2011 til 2023.



Figur 6. Kartet viser verneområde i Vestnes kommune per 19.04.24

Knusnakken naturreservat

Samla areal for naturreservatet er på 550 daa og ligg nordvest i Vestnes kommune. Føremålet med vernet er: «å ta vare på eit variert skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur i form av gammal og velutvikla boreal lauvskog. Det er eit mål å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.»

Måslia naturreservat

Samla areal for naturreservatet er på omtrent 9 060 daa og ligg både i Ålesund (tidlegare Ørskog) og Vestnes kommune.

Føremålet med vernet er: «å ta vare på eit sjeldant stort og urørt myrområde med verdi som nasjonalt typeområde.»

Nysætervatnet naturreservat

Samla areal for naturreservatet er på 974 daa og ligg både i Ålesund (tidlegare Ørskog) og Vestnes kommune.

Føremålet med vernet er: «å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv.»

Feøya naturreservat

Samla areal for naturreservatet er på 150 daa, med 254 daa sjøareal og ligg i Ålesund (tidlegare Ørskog) og Vestnes kommune.

Føremålet med vernet er: «å ta vare på eit område som har særskilt verdi for biologisk mangfald og som inneheld trua, sjeldsynt og sårbar natur. Den tilnærma urørte øya med omliggande sjøområde og naturleg tilhøyrande plante- og dyreliv, huser nokre av dei største fuglekoloniane i midtre fjordstrøk i fylket. Blant anna fleire måke- og terneartar, teist og ærfugl hekker her. Området har også ei rekke andre hekkande fuglearter og bestandar av alm, villmorell og hagtorn av botanisk interesse.»

Lundsfjellet naturreservat

Samla areal for naturreservatet er på 1 487 daa og ligg nordaust i Vestnes kommune.

Føremålet med vernet er: «å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at lokaliteten har ein lite påverka furuskog, med innslag av rik vegetasjon i låglandet.»

Vågstranda plantefredingsområde

Samla areal for naturreservatet er på 543 daa, med 423 daa sjøareal og ligg nordaust i Vestnes kommune.

Føremålet med vernet er: «å ta vare på ein brakkvasspoll, som er ein sjeldsynt naturtype med fleire sjeldsynte plantesamfunn.»

Tresfjorden naturreservat

Samla areal for naturreservatet er på 144 daa, med 84 daa sjøareal og ligg sør i Vestnes kommune.

Føremålet med vernet er: «å ta vare på eit av dei største gjenverande og relativt urørte elvedeltaet i fylket, der strandområdet er bygd opp omkring eit sentralt elveløp.»

5.5. Naturtypar

Det er til no funne minst 195 verdifulle naturtypelokalitetar, som dekkjer rundt 3,5% av arealet i kommunen. Dei omfattar 25 ulike naturtypar vist i tabellen under. Mange av er marine miljø (35%), men også fleire innan våtmark (22%), kulturlandskap (15%) og skog (20%). Fleire av

naturtypene blir rekna som trua og m.a. har kommunen 8 registrerte lokalitetar med den kritisk truga og utvalde naturtypen slåttemark. I tillegg kjem 323 nøkkelbiotopar i skog, som samla dekker 3,9 km². Det er også avgrensa 23 landskapsøkologiske funksjonsområde og fem korridorar.

Tabell 1 Tabell 2 Oversikt over registrerte naturtypar etter DN-handbok 13/15/19 i Vestnes kommune (Henta frå Naturbase, per 04.03.24). Enkelte lokalitetar strekker seg ut over kommunegrensa, og her er berre arealet innanfor kommunen teke med. Raudlistestatus for naturtypene vist med raud skrift etter namnet.

Naturtype	Verdi DN-handbok 13/15/19			Totaltal	Areal i kommunen (dekar)
	Lokalt viktig	Viktig	Svært viktig		
Andre viktige førekomstar	2			2	330
Artsrik vegkant		2		2	15
Bekkekløft og bergvegg		2		2	143
Blautbotnområde i strandsona			1	1	557
Brakkvassdelta VU		1	2	3	3424
Fossesprøytzone VU	1			1	17
Gammal barskog		5		5	3616
Gammal boreal lauvskog	1	9	2	12	2328
Gråor-heggeskog LC/VU	6	1		7	712
Intakte låglandsmyrer NT	4			4	524
Kalkrike område i fjellet NT	1	1		2	360
Kystmyr	6	2		8	1242
Naturbeitemark VU	11	6	1	18	569
Rik boreal lauvskog		1		1	540
Rik edellaubskog VU/NT	4	5		9	913
Rik sump- og kjeldeskog VU	2			2	35
Rikmyr LC/EN	9	12		21	880
Rikt strandberg	1			1	4,1
Slåtte- og beitemyr EN/CR		1		1	28
Slåttemark CR	2	4	2	8	60
Sterke tidvasstraumar		1		1	79
Strandeng og strandsump VU	2			2	37
Større tareskogførekomstar NT		32		32	2071
Viktig bekkedrag	1			1	30
Ålegrassamfunn	27	8		35	404
Totalt	80	93	8	181	18918

Kartlegging etter Miljødirektoratets instruks har gitt 14 naturtypelokalitetar i Vestnes, og utgjør samla eit areal på 0,4 km². Det er registrert åtte ulike naturtypar, vist i tabell 3 under. Kartlegginga etter denne instruksjonen er heildekkande, som i denne samanhengen vil seie at alt areal innanfor eit gitt område blir undersøkt. Dette område blir i ettertid vist på dekningskartet i Naturbase, slik at ein seinare kan vite at eit område er undersøkt, men at det ikkje vart funne naturtypar etter instruksjonen der.

Tabell 2 Oversikt over registrerte naturtyper etter Miljødirektoratets kartleggingsinstruks i Vestnes kommune (per 04.03.24). Raudlistestatus for naturtypene er vist med raud skrift etter namnet. Basiskartlegging etter NiN i verneområda er ikkje teke med her.

Naturtype	Lokalitetskvalitet Mdir. instruks					Totalt tal	Areal (dekar)
	Svært låg	Låg	Moderat	Høg	Svært høg		
Atlantisk høgmyr EN			1			1	164
Eksentrisk høgmyr EN				1		1	51
Flaumskogsmark VU			1			1	6,3
Frisk lågurtedellauvskog NT			1			1	4,4
Gammal lågurtselje- røgnskog				1		1	10
Semi-naturleg strandeng EN			1			1	0,9
Strandeng VU			1			1	3,9
Sørleg nedbørsmyr NT	1	4	2			7	162
Totalt	1	4	7	2	0	14	403



Figur 7. Intakt nedbørsmyr på Furland, ein nær truga naturtype som det enno finst att ein del av her, men fleire lokalitetar er også øydelagd eller har fått redusert areal som følgje av oppdyrking og andre inngrep i nyare tid. Foto: Geir Gaarder.

5.6. Artar

5.6.1. Raudlisteartar

Rundt 130 raudlisteartar, med over 2 500 funn, er til no påviste i Vestnes. Rundt 40 artar finst i skog, og desse er fordelte på gammal lauvskog, rik edellauvskog og gammal furuskog, og dei omfattar både karplanter, sopp og lav. Det er også kjent rundt 40 artar i kulturlandskapet. Mange er fugl, men det er også nokre karplanter, samt ein del beitemarksopp, som veks i slåttemark og naturbeitemark. Fleire av desse er trua. Tilknytt sjøen er det registrert rundt 30 raudlisteartar, der dei fleste er fuglar. I fjellet er det kjent 20-30 raudlista artar, medan under 10 er knytt til våtmark (myr) og berre nokre få i ferskvatn.

Det er opplagt mogeleg å finne mange fleire raudlista artar i Vestnes. Talet på fugl, karplanter og pattedyr er nok ikkje så gale, men særleg for sopp og mosar bør det vere lett å finne mange fleire artar. Også for fisk, lav og virvellause dyr bør ein rekne med at grundigare kartlegging vil gje ei vesentleg auke i talet.

Tabell 3. Fordeling av raudlisteartar i Vestnes kommune etter raudlistestatus

Raudlistestatus	Forklaring	Tal artar
CR	Kritisk truga	4
EN	Sterkt truga	15
VU	Sårbar	47
NT	Nær truga	69
DD	Datamangel	1
Sum		136

Tabell 4. Fordeling av raudlisteartar i Vestnes etter organismegruppe, med ein vurdering av kunnskapsstatus.

Organismegruppe	Tal artar	Kunnskapsstatus
Fisker	3	God (ferskvatn) – dårleg (saltvatn)
Fuglar	49	Middels-god
Pattedyr	6	Middels for småpattedyr, elles god
Insekt	2	Dårleg
Krepsdyr	1	Dårleg
Karplanter	34	Middels-god
Lav	10	Middels-god
Mosar	3	Dårleg
Sopper	28	Dårleg - middels
TOTALT	136	Noko varierende, men mykje er dårleg



Figur 8. Hasselstamme med den sårbare skorpelaven stjerneflekklav *Arthonia stellaris*, i lia rett vest for ferjeleiet på Furneset. Arten er knytt til regnskog, ein truga naturtype som har nokre små førekomstar i dette området. Foto: Geir Gaarder.

5.6.2. Framande artar

Ut frå registreringane av framande artar i Artskart per 21.03.24 er det i hovudsak gjort registreringar av framande artar langs vegnettet i kommunen. Det er grunn til å tro at kartleggingsaktiviteten i kommunen er låg. Det er registrert flest funn av hagelupin (SE), etterfølgt av platanlønn (SE), kjempebjørnekjeks (SE), parkslirekne (SE), rynkerose (SE), fagerfredlaus (SE), tunbalderbrå (PH) og sitkagran (SE). Totalt er det registrert 114 framande artar i kommunen innanfor alle organismegrupper, der dei ti mest utbreidde artane står for 785 av totalt 999 observasjonar.

5.7. Spesielt verdifulle lokalitetar i Vestnes kommune

Det er vanskeleg å peike ut naturtypar der Vestnes har eit spesielt stort nasjonalt eller regionalt ansvar. Derimot er det klart at lokalitetane som har fått høgste verdi – som svært viktige – er område der kommunen bør ta særskilte ansvar. Desse er difor raskt gjennomgått og kommentert under. Lokalitetane omfattar både miljø i sjø/strandsona, kulturlandskap og skog.

Naturtypelokalitet Vågen – Brakkvassdelta av verdi svært viktig – A (ID BN00001626)

Vågen er verna som naturreservat og er ein brakkvasspoll lengst aust i kommunen. Slike brakkvasspoller er generelt sjeldsynte og det er svært sjeldsynt å finne nokon som er så intakte som Vågen. Lokaliteten har ganske mykje brakkvassenger (ei utforming av strandeng), er ein svært viktig lokalitet for padde og det går opp laks (NT) og sjøaure i Vågselva. Det har også verdi for våtmarksfugl, deriblant som hekkeplass for raudlista og trua artar. Det finst østers i Vågen.

Naturtypelokalitet Feøya – Naturbeitemark av verdi svært viktig – A (ID BN00010959)

Mykje av Feøya ved Vestnes sentrum består av naturbeitemark, ein sårbar naturtype. Nokre raudlista beitemarksopp er funne her, og betre undersøkingar vil ganske sikkert avdekke fleire. Dette er den truleg største intakte naturbeitemarka i kommunen. Øya er samtidig ein svært viktig hekkeplass for sjøfugl, særleg måsefugl, og noko som inneber at fleire trua fugleartar hekker her.

Naturtypelokalitet Tresfjordleira- Brakkvannsdelta av verdi svært viktig – A (ID BN00010961)

Tresfjordleira er verna som naturreservat og er eit brakkvassdelta inst i Tresfjorden. Området har ein del brakkvassenger og er samtidig eit av dei mest intakte, attverande deltaområda i fylket. Det er funne trua beitemarksopp her, og det er eit viktig nærings- og rasteområde for våtmarksfugl, også raudlista og trua artar.

Naturtypelokalitet Heimstegjølet – Gamal boreal lauvskog av verdi svært viktig – A (ID BN00067546)

Lokaliteten ligg nede i Skorgedalen. Her er det mykje gamal osp og det finst også gamle og grove furutre her. På desse trea veks m.a. dei raudlista lavartane skorpefiltlav (NT) og gubbeskjegg (NT). Det er potensial for fleire kravfulle og raudlista lav og sopp her, samtidig som slike store område med osp normalt er viktige hekkeplassar for holerugande fugl, m.a. ulike spetteartar.

Naturtypelokalitet Knausnakken – Gamal boreal lauvskog av verdi svært viktig – A (ID BN00067537)

Lokaliteten mellom Fiksdal og Gjelstein i vestre delar av kommunen. Dette er ein frodig lauvskog med m.a. uvanleg mykje grov selje, men det finst også grov bjørk og rogn her. Ingen raudlisteartar er så langt funne, men kravfulle gamalskogstilknytte lav som sølvnever finst, og fleire uvanlege karplantar har utpostførekomstar her, som kystmaigull (kystutbreiing) og lerkespore (innlandsart).

Naturtypelokalitet Sakselia – Slåttemark av verdi svært viktig – A (ID BN00010934)

Sakselia ligg oppe i lia på austsida av Tresfjorden. Dette er ei artsrik slåttemark med mykje blomer, inkludert den sårbare orkidéen kvitkurle. I tillegg veks det også fleire trua beitemarksopp her. Slåttemark er ein kritisk trua, utvald naturtype etter naturmangfaldlova, og det er langt mellom liknande lokalitetar i regionen.

Naturtypelokalitet Kriken i Løvika – Slåttemark av verdi svært viktig – A (ID BN00010931)

Lokaliteten ligg på vestsida av Tresfjorden. Også denne slåttemarka er rik på blomar, m.a. med førekomst av orkidéen brudespore, som er sjeldsynt i kommunen. Også her er det funnet fleire

trua beitemarksopp. Slåttemark er ein kritisk trua, utvald naturtype etter naturmangfaldlova, og det er langt mellom liknande lokalitetar i regionen.

Naturtypelokalitet Vestnes – Blautbotnområde i strandsona av verdi svært viktig – A (ID BM00118962)

Lokaliteten omfattar Vestnesstraumen, utløpet av Flatevågen i fjorden, og gruntvassområda inntil. Slike straumar har ein svært høg organisk produksjon og eit stort mangfald av artar (fisk, blautdyr, krepsdyr, alger mv.), ofte sjeldsynte og raudlista artar. I tillegg er dette eit viktig næringsområde for fugl. Store brakkvass-straumar er generelt sjeldsynte miljø, og det er få andre i regionen.

Naturtypelokalitet Urdelva – gamal boreal lauvskog (NB! basert på Vatne mfl. 2023, ligg ikkje i Naturbase)

Lokalitet med mykje gamal lauvskog, m.a. grov og daud osp og ein del hassel, samt at også alm førekjem. Hittil funn av minst 9 raudlisteartar, m.a. funn nr. 9 i Noreg for svovelvoksskinn, samt dei sårbare artane ospeblåskål og skorpeglye.



Figur 9. Musserongvokssopp (VU) funne i slåtteeenga på Kriken i 2023. Denne slåtteeenga vert godt skjøtta og er ein av dei mest verdifulle naturtypemiljøa i Vestnes kommune. Musserongvokssopp har vist seg å ikkje vere ein art, men mange. Dette funnet vart difor sendt inn til DNA-sekvensering for å få sikkert bestemt arten. Foto: Geir Gaarder.




Figur 10. Roleg slyngande bekk med sumpskog inntil, m.a. med svartor, på Furland. Intakte slike vassdragsmiljø er regionalt svært sjeldsynte. Dette er samtidig ofte viktige økologiske funksjonsområde for mange artar. Foto: Geir Gaarder.

5.8. Landskapsøkologiske funksjonsområder

NINAs landsdekkjande rapport om grøn infrastruktur og landskapsøkologiske samanhengar for å ta vare på naturmangfaldet (Framstad mfl. 2018) er lagt til grunn som fagleg tilnærming for identifiseringa av aktuelle økologiske funksjonsområde i kommunen.

Det er avgrensa kjerneområde for hovudøkosystema skogsmark, semi-naturlig mark, våtmark, ferskvatn og marint. Korridorar er forsøkt avgrensa der ein har areal med kvalitetar som gjer at dei kan fungera som spreingskorridorar mellom kjerneområde (grå områder i Figur 12).

Det må vidare nemnast at avgrensingane i stor grad er skjønnsbaserte og relativt grovt avgrensa på bakgrunn av kunnskapsgrunnlaget som ligg føre. Dagens kunnskapsgrunnlag for avgrensing av landskapsøkologiske funksjonsområde på større skala vurderast som noko mangelfullt då det er gjennomført lite nyare kartlegging etter NiN-metodikk i kommunen, og fleirtalet av naturtypelokalitetane som er registrert etter DN-handbok 13 er vurdert å være mangelfulle.




Figur 11. Avgrensa økologiske funksjonsområder innanfor økosystema skog, semi-naturleg mark, våtmark, ferskvatn og marint, samt avgrensa korridorar som bind funksjonsområda saman.

6. Påverknader og utfordringar for naturmangfaldet

Tapet av naturmangfald er ein av dei to største miljøtruslane i verda, saman med global oppvarming. vi kjem ikkje langt i bevaring av naturmangfaldet berre ved å registrera kva som finst og kor verdifullt det er. vi må også kjenna til kva som påverkar det, og kor store utfordringar dei ulike faktorane representerer. Det er heilt naudsynt å sjå påverknadene i eit heilskapleg perspektiv, og samtidig få fram den samla belastninga på naturmangfaldet. I tillegg må vi kritisk vurdere kor stor uvissa er, både for naturmangfaldet og påverkingane. Samla sett utgjer dette grunnlaget for å vurdere aktuelle tiltak for å stansa tapet av naturmangfaldet i kommunen.

6.1. Negative påverknadsfaktorar


Naturmangfaldet blir påverka negativt av ulike typar faktorar. I eit bevaringsperspektiv er dei menneskelege årsakene til tapet av naturmangfaldet viktigast, og da særleg arealbruksendringar. Dette kjem tydeleg fram i figuren under, som viser situasjonen for trua artar i Noreg.



Figur 12. Påverknadsfaktorar for trua artar i Noreg, inkludert havområda. Henta frå Artsdatabanken (2021b).

For direkte påverkingar er det særleg dei brå, fysiske inngrepa som drastisk endrar miljøet, t.d. utbygging, som ofte har hovudfokuset. Fleire stader er det derimot dei meir gradvise endringane, særleg som følgje av endringar i primærnæringane, ofte vel så viktige. Desse er gjerne mindre tydelege og så gradvise at det kan vera vanskeleg å oppfatta dei. Over tid blir desse likevel svært sterke, samtidig som dei kan påverka mykje større areal enn dei meir brå, drastiske endringane.

Generelt er det lite kvantitative data om kor mykje naturmangfaldet har vorte påverka i nyare tid. Dei direkte årsakene er arealbruksendringar omfattar både nedbygging, oppdyrking, attgroing, intensivering av jordbruket, flatehogst og treslagsskifte.



Figur 13. Omfang av nedbygging i strandsona i Vestnes kommune, der det er sett ein buffer på 50 meter rundt kvar bygning. Både i Tomrefjorden og Tresfjorden er det ikkje att større ubygdde areal, for på dei lengre ubygdde strekningane går det veg nær inntil strandsona. Det står litt betre til ut mot hovudfjorden, men også der er mykje prega av inngrep. Kartet er utarbeidd av Jon H P Frantzen i Vestnes kommune.



Figur 14 Det gamle, tradisjonelle jordbrukslandskapet var ofte svært variert og artsrikt. Dette er i sterk kontrast til det moderne, meir einsarta og intensive jordbruket. Figuren illustrerer nedgangen i artsmangfald (og naturmangfald) med eit meir tilrettelagd og intensivt jordbrukslandskap. Kilde: ECA 2020

Ein annan negativ påverknad er spreining av framande artar. Dette er eit alvorleg og aukande problem. Over 100 ulike artar og eit høgt tal funn viser at utfordringane med å halde oversikt og kontroll på spreininga av framande artar i Vestnes er vesentlege. Det er særleg grunn til å vere uroa over artar med ein del funn samtidig som desse også er kjent for å spreie seg ganske raskt og aggressivt. Til desse høyrer ikkje minst hagelupin (SE), platanlønn (SE) og kjempebjørnekjeks (SE). I tillegg bør utvilsamt kommunen sjå kritisk på førekomsten av sitkagran (SE) og vestamerikansk hemlokk (SE). I tillegg kjem nokre problemarter, som gran (ikkje heimehøyrande i kommunen) og hjort (heimehøyrande, men unormalt stor bestand).



Figur 15. Tidlegare slåttemark på Stordalsneset, på vestsida av Tresfjorden. Lokaltiteten har vorte noko skjøtta med hestebeite i nyare tid, men står i fare for å gro att. Foto: Geir Gaarder.

Tidlegare har det stadvis vorte grøfta mykje myr, men det manglar tal på omfanget av dette i nyare tid. I skogsmiljøa har det vorte planta ein god del gran, men heller ikkje her er konkrete tal kjent. Det er klare indikasjonar på at verdifull skog har blitt hogd. I kulturlandskapet er det dokumentert at den sterkt truga solblomen har gått kraftig attende dei siste ti-åra og det er særleg grunn til å vere uroa for barlinda (VU). Også for denne utgjer beite frå hjort og rådyr det største trugsmålet. Vestnes har nokre av dei nordlegaste viltveksande barlindtrea i verda. Førekomsten i Vestnes er svært sparsam og avgrensa til tre delområde (nordsida av Svartløkvatnet, ved Gjelstein og nord for Åsbygda), og det manglar ein god, oppdatert oversikt over status.

Det moderne samfunnet treng store mengder energi for å oppretthaldast. Dette kan føre til store naturinngrep, sjølv om omfanget ikkje er stort i Vestnes kommune. Kraftliner er ei anna side ved energibruken, som også fører med seg negative inngrep. Dei fører både til fysiske inngrep i marka, hogst av skog og er eit hinder/kollisjonsfare for fugl.

Indirekte årsaker kan være minst like viktige for tap av naturmangfald. Døme på dette er manglar i rutinar ved saksbehandling, kunnskapshol ol. Ein langsiktig, berekraftig bevaring av naturmangfaldet krev ikkje berre god kunnskap om mangfald og kva omsyn det krev, men også at forvaltninga av det er solid forankra i kommunale rutinar.



Figur 16. Flyfoto av grøfta myr mellom Søråsvatnet og Stokkeland, som tidlegare har vorte tilplanta for skogproduksjon. Sjølv om det er nokre ti-år sidan myra vart grøfta, så lek det opplagt mykje drivhusgassar ut i atmosfæren frå ho framleis. Henta frå <https://www.norgebilder.no>

6.2. Positive påverknader

Det finst også viktige positive påverknader. Nokre område har vorte verna (kapittel 5.4). Gjennom både naturtypekartlegging og MiS-kartlegging har fleire område fått auka merksemd og for desse er terskelen heva for kva som vert akseptert som tillate av tiltak. I tillegg kjem m.a. den generelle kunnskapsauken om naturmangfaldet.

Det tel også positivt at det finst fleire tilskotsordningar for å vareta og restaurera naturmangfaldet. Det kan nemnast SMIL-midlar (spesielle miljøtiltak i jordbruket), tilskot for å laga kommunedelplan for naturmangfald, tilskot til truga naturtypar, tilskot til truga artar, tilskot til ville pollinerande insekt, tilskot til tiltak i verdifulle kulturlandskap osv.

Ein annan, konkret faktor i Vestnes er skjøtsel av slåttemarker, der fleire av dei viktigaste har godkjente skjøtelsplanar og vert haldne i god hevd.

6.3. Vurdering av samla belastning

Utgangspunktet for vurdering av samla belastning må vere dei nasjonale raudlistene for artar og naturtypar. Dei som er sterkt og kritisk trua har ei svært stor samla belastning nasjonalt, medan den er noko mindre for sårbare artar og miljø. Det er ikkje kjent data som tilseier at tilstanden er noko særleg betre regionalt eller lokalt i Vestnes, men det er indikasjonar på at lokalt så kan belastninga i kommunen vere større enn vanleg for rikmyr, edellauvskog, flaummarksmiljø og strandsona. I tillegg er barlind eit sårbart treslag som finst svært sparsamt i Vestnes.

6.4. Uvisse

Sjølv om vi veit ein god del om naturmangfaldet i Vestnes, så er det framleis mange og til dels store kunnskapshol. Det er ein generell mangel på systematiske undersøkingar av ulike naturtypar. I nokre avgrensa område har ein god kunnskap om naturmangfaldet, men det manglar ei samla oversikt over førekomst av ulike naturtypar og artar, korleis tilstanden til desse er og omfanget av viktige påverknader.

Det er truleg størst uvisse innanfor marine miljø og i fjellet, men t.d. er det også døme på vesentlege manglar i skog og ferskvatn, og ein må rekne med at det same gjeld for kulturlandskap og våtmark. Tilsvarende er det klare manglar for artsmangfaldet i desse miljøa, ikkje minst gjeld dette for fisk (i sjøen), insekt, krepsdyr, mosar og dels sopp. Det har generelt vore gjort færre omfattande, grundige undersøkingar av naturmangfaldet i Vestnes samanlikna med mange andre kommunar i Møre og Romsdal.

Kunnskapsgrunnlaget tilseier at uvissa skal oppfattast som relativt høg i Vestnes, inntil betre data føreligg. I neste omgang inneber dette at føre-var-prinsippet i hovudtrekk bør brukast i noko større grad her enn i fleire av nabokommunane.

7. Strategiske mål og handlingsplan

Mål og tiltak i handlingsdelen skal bidra til å støtte opp om mål og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel med arealstrategi.

Hovudmål:

Vi har naudsynt kunnskap og gode rutinar for å ta vare på naturmangfaldet i Vestnes kommune.

Delmål:

- 1) Vi har godt tilpassa lokale rutinar
- 2) Vi nyttar kommuneplanens arealdel (KPA) som eit viktig verktøy for å vareta naturmangfaldet
- 3) Vi arbeider aktivt for å auke kunnskapen om naturmangfaldet i kommunen blant tilsette, politikarar og innbyggjarar
- 4) Vi stoppar spreiding av framande artar og reduserer bestanden av problemartar
- 5) Vi støttar aktørar som gjer ein særleg innsats for naturmangfaldet

Det er foreslått fleire tiltak med ulik grad av kompleksitet når det gjeld ressursbruk, tid og kompetanse. Difor er tiltaka delt i låg, middels og høg prioritet for oppstart:

Høg: Tiltak som er kritiske for å nå måla, bør startast straks og har ingen store kostnader.

Middels: Tiltak som bør gjennomførast viss midlar finst i økonomiplan eller gjennom støtteordningar.

Låg: Tiltak som kan vente, og eventuelt gjennomførast seinare om andre tiltak er ferdige eller nye midlar kjem til.

1.	Vi har godt tilpassa lokale rutinar, derfor skal vi:	Prioritet
1.1	Nytte fast rutine for saksbehandling etter naturmangfaldlova. Denne skal vere kjend for alle aktuelle tilsette og vere ein støtte i saksbehandlinga.	Høg
1.2	Kvalitetssikre eksterne kartleggingar og rapportar og sikre at dei er utført av kompetent føretak, før dei kan leggjast til grunn for vedtak.	Høg
1.3	Gjennomføre fagutgreiing om det ligg føre indikasjonar på at tiltak vil påverka landskapsøkologisk viktige funksjonsområde.	Høg
1.4	Lukka bekker skal bli vurdert opna og restaurert ved behandling av byggesaker og reguleringsplanar.	Middels

2.	Vi nyttar kommuneplanens arealdel (KPA) som eit viktig verktøy for å vareta naturmangfaldet, derfor skal vi:	Prioritet
2.1	Gå gjennom eldre reguleringsplanar og ikkje-utbygde område tidlegare avsett ved kvar rullering av kommuneplanens arealdel. (planvask)	Høg
2.2	Innføre ein tydeleg differensiering av LNF-område ved bruk av sonar som skil mellom område for landbruk, natur og friluftsliv.	Høg
2.3	Større våtmarksområde og vassdrag inkludert kantvegetasjon blir vurdert inn som blågrøne områder KPA.	Høg
2.4	Kommunedelplan for naturmangfald med tilhøyrande kunnskapsgrunnlag nyttast som grunnlag for konsekvensutgreiing av nye arealinnspeil.	Høg
3.	Vi arbeider aktivt for å auke kunnskapen om naturmangfaldet i kommunen blant tilsette, politikarar og innbyggjarar, derfor skal vi:	Prioritet
3.1	Utarbeide ein kartleggingsstrategi for naturmangfald som grunnlag for å søke tilskotsmidlar.	Høg
3.2	Informere politikarar og innbyggjarar når nye kartleggingar er gjennomført.	Høg
3.3	Bidra med informasjon slik at turbeskrivingar til t.d. StikkUT også har informasjon om naturmangfaldet i turområdet.	Middels
3.4	Spreie informasjon om verneområda i kommunen, som informasjonsplakatlar ved turutgangspunkt eller gjennom artiklar på nettsider og sosiale media.	Middels
3.5	Arrangere kurs i Artsobservasjonar for innbyggjarar.	Låg
4	Vi stoppar spreiding av framande artar og reduserer bestanden av problemartar, derfor skal vi:	Prioritet
4.1	Koordinere kontakt mellom lag, foreiningar, skular og næringsliv for å auke effekten av frivillige ryddeaksjonar.	Høg
4.2	Spreie informasjon om moglege tilskotsordningar for lag, foreiningar, næringsliv og private som ønsker å bidra til opprydding av marin forsøpling.	Høg
4.3	Ha sterk reduksjon i hjortebestandane som mål i den kommunale viltforvaltninga, i første omgang til eit nivå frå før år 2000.	Høg
4.4	Kommunale eigedommar skal slåast to gonger årleg i ein periode på 3–5 år for å redusere og nedkjempe store førekomstar av lupinar.	Middels
4.5	Oppfordre til treslagbytte der det er egna (frå gran til stadeigne artar).	Middels

5	Vi støttar aktørar som gjer ein særleg innsats for naturmangfaldet, derfor skal vi:	Prioritet
5.1	Auke informasjonen om tilskotsordninga Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) for å stimulere aktiv skjøtsel av semi-naturleg eng (slåttemark og naturbeitemark)	Høg
5.2	Auke informasjonen om tilskotsordninga Miljøtiltak i skog, for å stimulere til frivillig vern av skogareal og redusere vegbygging i villmarksprega område.	Høg
5.3	Auke informasjonen om tilskotsordninga tiltak i beiteområde for å stimulere til fjellbeite og hindre attgroing.	Høg
5.4	Oppfordre grunneigarar til å søke midlar til naturrestaurering. Spesielt til lukking av gamle myrgrøfter på mislykka plantefelt.	Høg
5.5	Utarbeide kommunal rettleiar for tilrettelegging for friluftsliv i sårbare område, som t.d klopping.	Høg